



Arkivnr: 2017/453-6

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for opplæring og helse		09.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

**Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettfordeling nr. 4 -2017****Samandrag**

I budsjettet for 2017 er det løyvd 75 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. Av desse er 40,45 million kroner disponert eller foreslått disponert i tidlegare politiske saker.

I denne saka rår ein til at det vert løyvd til saman 3,6 million kroner til to prosjekt. Dette gjeld 2 million kroner til Kyrre vg, 0,9 million kroner til prosjekt ved Os vgs og 0,7 million kroner til prosjekt ved Sotra vgs.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2017 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
10 621.020.00	02300	02159	Bergen Katedralskole avd. Kyrre - Mindre tiltak	2 000 000	
10 611.020.00	02300	02142	Os Gymnas - miljøhus / garasje	900 000	
10 645.020.00	02300	02158	Sotra vgs. - Tilrettelegging av lokale	700 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		3 600 000
				3 600 000	3 600 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærstad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 19.04.2017**

I budsjettet for 2017 er det løyvd 75 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. Av desse er 40,45 million kroner disponert eller foreslått disponert i tidlegare politiske saker.

I denne saka rår ein til at følgjande tiltak får prioritet / auka løying:

### **Bergen katedralskole avd. Kyrre – Mindre tiltak**

Utval for opplæring og helse har i møtet 19.4.2017 i sak 39/2017 «Kyrre skole – Leige av lokaler» gjeve følgjande innstilling til vedtak

«

1. Det skal settes i gang et arbeid med å utrede fremtidig opplæringstilbud som er tilpasset målgruppen ved avdeling Kyrre og som ivaretar deres behov. Dette skal ha prioritet og legges frem til politisk behandling senest høst 2018

2. Fylkesrådmannen blir bedt om å komme tilbake med forslag til ny løsning som i større grad ivaretar elevene ved Avdeling Kyrre sine behov.

»

Innstillinga er samrøystes og fylkesrådmannen legg til grunn at fylkesutvalet vil komme til samme konklusjon. Eit vedtak som oppgitt inneber at lokala ved Kyrre truleg vil være i bruk i minimum to år til. Lokala ved skulen har i dag klare manglar i forhold til offentlege krav/helsevernetaten. Samla kostnad for naudsynte tiltak er ikkje klar, men fylkesrådmannen rår til at det i denne omgang vert løyvd 2 million kroner frå ramma for Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren

### **Os Gymnas - Miljøbygg/garasje**

Det vart i fylkesutvalssak nr. 115 i 2015 løyvd 1 million kroner til etablering av eit tilbygg på omlag 120 m<sup>2</sup> for avfallshandtering og sykkelparkering. Bygget vart vurdert som viktig for skulen sitt mål om å bli sertifisert som miljøfyrtaarn.

I førebels kalkyle som var utarbeida for prosjektet var det lagt til grunn at store deler av jobben kunne utførast som elevarbeid av skulen og at behovet for grunnarbeid var avgrensa. Under gjennomføring av prosjektet har det synt seg at grunnarbeidet har blitt mykje meir omfattande enn opphavleg lagt til grunn. Det har også synt seg at ein mindre del enn venta var egna å gjennomføre som elevarbeid. Samla gjev dette ein meirkostnad for prosjektet på om lag 0,6 million kroner.

I ettertid ser ein og at det er tenleg at det vert etablert sykkelgarderobar i nærleiken av sykkelparkeringsa. Kostnaden knytt til dette er kalkulert til om lag 0,3 million kroner, og ein rår til at dette blir tatt med som ei utviding av prosjektet.

Samla gjer dette at ein rår til at kostnadsramma for prosjektet vert utvida med 0,9 million kroner, og at beløpet vert løyvd frå ramma for Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren.

### **Sotra vgs. - avd. Sund - Tilrettelegging av lokale**

Skulen får frå hausten av auka behov knytt til tilrettelagt opplæring. Det er mellom anna behov for fleire rom kor elevar kan få undervisning åleine. Vidare er det auka behov for å kunne skjerme einskilde elevar frå andre elevar.

Ein rår til at tidlegare frisørsalong blir omdisponert og oppdelt til formålet, og at nytt handikapptolett vert etablert som ein del av løysinga. Samla kostnad ved prosjektet er ikkje klar, men basert på erfaringsdata og kalkyle legg ein til grunn at kostnaden vert om lag 0,7 million kroner, og rår til at dette vert løyvd frå ramma for Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren.